



Husnes Vekst  
Postboks 170  
5480 Husnes  
E-post: post@husnesvekst.no  
Org. nr. 971 356 545

## Årsmelding 2011

### Årsmøtet 2010 foretok fylgjande val:

Leiar:	Are Blokhus	ikkje på val 1 år att
Styremedlem	Anna Prestnes	attval 1 år
	Resy Aak Toresen	attval 2 år
	Geir Jakobsen	attval 1 år
	Tove R. Ertstrand	valt 2 år, ny
	Ivar Ivarsøy	valt 2 år, ny
Varamedlem	Helga Rørvik	attval 1 år
	Hege Digranes	valt 1 år, ny
Revisor	Einar Herskedal og Even Teigen	
Valkomite	Otto Blokhus (leder), Knut Digranes og Per Henrik Opdal	

Styret var konstituert på fyrste styremøtet med fylgjande verv:

Leiar: Are Blokhus

Økonomiansvarleg: Anna Prestnes

### Medlemskontingent

Kontingenget har vore dei same sidan 2007 og oppfordring om innbetaling har vore sendt til medlemene etter understående satsar:

Private kr 210,- pr. år

Private+ (inkl. ektefelle / sambuar) kr 300,- pr. år

Lag og organisasjoner kr 500,- pr. år

Bedrifter - fast ledd kr 1500,- pr. år, variabelt ledd kr 70,- / årsverk pr. år.

### Styret sitt arbeid

Styret har hatt 8 styremøte i tillegg til deltaking i 2 folkemøte og stand på Husnes storsenter. Aktiviteten i Husnes Vekst i 2011 var aukande.

### Opprusting av symjehallen ved Undarheim skule

Symjehallen ved Undarheim skule er stengt etter takkontroll på grunn av store fuktskadar. HV var i kontakt med skulerektor for oppfølging av tiltak.

### Ryddedag i Husnes sentrum før 17 mai

Etter forslag frå burettslaga og i samarbeid med Husnes storsenter arrangerte HV ein ryddedag som var retta mot private og firma i Husnes sentrum. Husnes storsenter har sponsa arrangementet med premie for loddtrekking (iPad og gåvekort på 500,- kr.). Loddtrekking var utført under konsert med Arne Torget som konferansier.

Ryddedagen vart ein stor suksess, og det var mange engasjerte folk som var med på å rydde sentrum. HV takka Husnes storsenter for veldig bra bidrag!

Dette er eit tiltak Husnes Vekst vil fortsette med.

## **HV arrangerte "idédugnad" på To Søstre**

Utgangspunktet for møtet var innspel frå publikum som hadde ynskje om å diskutere den vidare utviklinga av Husnes. Møtet gjekk veldig bra, og det møtte opp fleire enn forventa. Møtet resulterte i at det vert folkemøte om reguleringsplanen 25. august.

## **Reguleringsplan for byen Husnes**

HV hadde ein fast representant i arbeidsgruppa. HV og Kvinnherad kommune arrangerte folkemøte om reguleringsplanen for byen Husnes på Husnes kulturhus. Det var bra oppmøte og mange gode innspel. HV har valt å ikkje senda eigne merknadar, men i staden støtta merknadane til Gretha Rød og Mosvold gruppen.

## **Reguleringsplan for Opsangervegen**

HV har engasjert seg i forbetring av reguleringsplan for Opsangervegen og lykkas gjennom politisk samarbeid for å få ein ny vurdering av prosjektet.

## **Stand på Husnes storsenter**

I løpet av våren hadde HV to gangar stand på Husnes storsenter for å samle konkrete forslag frå publikum om sakar som HV bør jobbe med. På denne standen informerte og HV om detaljar i reguleringsplanen for byen Husnes og rekrutterte nye medlemar. I den forbindelse var det laga nytt marknadsføringsmateriell (roll-up og oppdatert brosjyre).

## **Områda rundt burettsлага på Husnes**

Stiane og leikeplassane rundt burettsлага på Husnes har ein veldig dårlig standard. HV har snakka med ordføraren og fekk tilbakemelding om at kommunen jobbar med saken og at dei prøvar å få til eit samarbeid med Vestbo. HV vil følgje med saken vidare.

## **Stien ved stranda Odin**

Etter oppfordring frå HV har Kvinnherad kommune, som har ansvar for Husnes parken, reparert stien ved stranda Odin (Rosenter). HV takker kommunen for ein hurtig og villig respons. Stien er no bra igjen!

## **Forholda på ferjene til Tide**

HV har uttalt seg i media om forholda på ferjene til Tide. Det er til dømes ingen kiosk, ingen varer i automatar og därlege toalettforhold. Denne saken har vore tatt opp i media fleire gonger, og Tide har informert om at dette er ein sak dei jobbar med.

## **Flytting av tannlegekontoret**

HV merka diskusjonen rund plasseringa av offentleg tannlegekontor i den nye situasjonen som har oppstått i samband med Samhandlingsreforma 2012. HV har sendt ut uttale angåande denne saken. HV meinte at ideell sett bør alle helsetenester vere samla på ein plass, lett tilgjengeleg for publikum. D.v.s. offentleg tannlegekontor bør ligge i tilknyting til helsesenter og ambulansestasjon i sentrumsnær plassering.

## **Rundkjøring ved Hellandskrysset.**

HV deltok aktivt i diskusjonen rundt løysinga av trafikfarlig kryss ved Hellandsbrua. HV merka med glede at Statens vegvesen snarast skal prioritere trafikksikringsarbeidet i dette området.



Husnes Vekst  
Postboks 170  
5480 Husnes  
E-post: post@husnesvekst.no  
Org. nr. 971 356 545

### Gatelys langs den nye vegen i sentrum

HV engasjerte seg i kampen for ny gatebelysning på vegen mellom Statoil rundkjøring og gamle Undarheim skule. Fire gatelys er så langt på plass og HV vil jobbe vidare med saken.

### Julelys langs Opsangervegen

Husnes Vekst har som tidlegare år teke på seg det økonomiske ansvaret for julelys i parken. Arbeidet er utført av elektrolinja på KVV. HV har betalt for fornying av lys og arbeidspengar til elevane. HV vil takka elevane for vel utført arbeid.

### Sponsing

I tillegg til sponsoring av julelys, har HV gitt økonomisk støtte til oppskyting av felles fyrverkeri i regi av Lars Helge Steinsland.

### Kulturskulebygg

HV merka med glede at kulturskulebygget no er under oppføring, og vi takker alle positive kreftene i kommunen, politisk utval og næringslivet for økonomisk støtte og engasjement i prosjektet. HV ser med entusiasme fram til opninga av bygget i 2012.

### Økonomi og medlemmar

Medlemstalet i 2011 har gått opp. Dette gjeld private medlemmar som var verva under møter og stand.

Rekneskapet for 2011 viser eit underskot på kr 31.279,-. Den skyldes m.a. ein uførutsett kostnad i forbindelse med ryddeaksjonen (faktura frå SIM) og ubetalte medlemsavgift. Styret jobbar vidare med avklaringa.

### Nettside husnesvekst.no

Meir utfyllande informasjon om HV sitt arbeid er å finna på HV sin nettside under Nyheter.

### Endring i styret

På grunn av flytting har Ivar Ivarsøy slutta som styremedlem i HV.

Husnes, 20. februar 2012

---

Are Blokhus *sign.*  
styreleiar

---

Anna Prestnes *sign.*  
økonomiansvarleg

---

Resy Aak Toresen *sign.*  
styremedlem

---

Geir Jakobsen *sign.*  
styremedlem

---

Tove R. Ertland *sign.*  
styremedlem